

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styremøte
6. desember kl. 09.00
Hotel Norge, Bergen

Sak 63/02
GJG/rr

SKRIV OG MELDINGAR

a) Sunnhordland sine innspel til RUP

Etter møte om Regional Utviklingsplan (RUP) har administrasjonen meldt inn følgjande prosjekt frå Sunnhordland:

- 1. Forprosjekt mellom industriregionane Sunnhordland – Hardanger – Ryfylke og Haugaland**
Ansvarleg: Industrinettverket
- 2. Net-skjel 2 – med fokus på verdikjeda**
Ansvarleg: Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- 3. Tredimensjonal opprusting av alternativ riksveg i ytre strøk av Hordaland – Nordsjøvegen – Gullvegen**
Ansvarleg: Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- 4. Næringspolitisk plan for Sunnhordland**
Ansvarleg: Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- 5. Forprosjekt for moglegeheiter får å setja ut tung produksjon til aust-Europa**
Ansvarleg: Industrinettverket

b) Husflid og tekstilmessa

Messa skal gjennomførast i dagane 29.11-01.12 på Vikahaugane Stord sportssenter. Det er påmeldt 52 utstillarar. Anne Almås Tranøy er prosjektansvarleg. Messa har vore arrangert årleg sidan 1984.

c) Brev frå Utdannings- og forskningsdepartementet vedr. midtskyss

Samarbeidsrådet har motteke brev frå Utdannings- og forskningsdepartementet vedr. midtskyss. Brevet ligg som vedlegg.

d) Spørjeundersøking om Sunnhordland

Samarbeidsrådet har i veke 47 gjennomført ein spørjeundersøking om Sunnhordland. Dagleg leiar vil gje ei kort orientering om resultatet på styremøte.

e) Kommunikasjonsstrategi for Sunnhordland

Samarbeidsrådet har fått avslag frå Hordaland fylkeskommune på søknaden om midlar til ein kommunikasjonsstrategi for Sunnhordland.

f) Kom sammen – konferanse om interkommunalt samarbeid.

Kommunal –og regionaldepartementet og KS arrangerer konferanse om interkommunalt samarbeid i Trondheim 28.-29. januar.

g) Eksport av vatn – forprosjekt rapport

Forprosjekt rapporten ”Eksport av vatn” ligg no føre og den vil verta tilsendt kommunane så snart styringsgruppa har gått gjennom rapporten og gjeve ei endeleg godkjenning.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styremøte
6. desember 2002 kl. 09.00
Hotel Norge, Bergen

Sak 64/02
RR

RULLERING AV PRIORITERINGSLISTE FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG KULTURANLEGG I SUNNHORDLAND

Styret i Samarbeidsrådet vedtok på møte 1. mars 2002 å rullere prioriteringsliste for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland.

Kommunane vart invitert til å koma med framlegg til nye innspel og kommentarar til prioriteringslista, i tillegg vart kommunane bedne om å peika ut ein person til å representera kommunen. Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd vart invitert til å vera med i arbeidsgruppa men har ikkje hatt høve til å delta.

Arbeidsgruppa ved rulleringa har vore:

| | |
|---------------------|--------------------|
| Rune Fagerbakke | Austevoll kommune |
| Lars Grøteide | Bømlo kommune |
| Erik Kvalheim | Etne kommune |
| Elise Aarbø | Fitjar kommune |
| Sissel Årseth | Kvinnherad kommune |
| Sylve Rusten | Stord kommune |
| Marit Persen Liknes | Sveio kommune |
| Vibeke Stoltz | Tysnes kommune |
| Any Tordis Heggebø | Ølen kommune |

Arbeidsgruppa har hatt 3 møter.
Reidun Rykkje, Samarbeidsrådet har vore prosjektleiar.

Endringar:

Arbeidsgruppa drøfta om prioriteringslista var til rullering eller revidering og vart samde i at det er ei rullering. Dette samsvarar med odelstingsproposisjon nr. 22 (1980-81)
I Ot.prp. nr. 22 (1980-81) vert begrepa definert på følgjande måte:

Med rullering menes mindre vesentlige endringer av handlingsprogrammet. Så lenge rullering kun medfører endringer på prioriteringslisten av allerede oppsatte anlegg (og ikke vesentlige endringer forøvrig) aksepterer departementet at den politiske behandlingen delegeres til et hovedutvalg. Idrettsrådet og andre involverte parter i kommunen bør få programmet til uttalelse i alle tilfelle.

Med revidering menes en fullstendig saksbehandling etter plan og bygningsloven § 20-5, med sluttbehandling i kommunestyret. Vesentlige endringer av planen skal behandles på samme måte som revidering av planen (f.eks at helt nye større anlegg, eller mindre anlegg som ikke er i samsvar

med planens målsettinger, tas inn).

Arbeidsgruppa har innstilt på å endra plasseringa under punkt 2.0.0. Dette gjer at "Eksisterande anlegg som har regional status" vert sett til 2.1.0, "Prioriterte anlegg" står under 2.2.0 og "Anlegg som regionen bør ha som målsetting å byggja" står under 2.3.0.

Etter ein gjennomgang av anlegga som stod oppført under "Prioriterte anlegg" trekte Etne kommune sin representant Etnefjella ut av lista og ønskte å overføra anlegget til punkt 2.1.0 "Eksisterande anlegg som har regional status".

Prioriterte anlegg står no att med følgjande anlegg:

1. Golfbane med 18 hol i Sveio
2. Fjellhaugen Skisenter i Kvinnherad
3. Dykkaranlegg i Bømlo
4. Nordsjøløypa – Nordsjøsykkelruta
5. Fleirbruks rideanlegg i Etne

Kommunane har i rulleringa gjort endringar i høve statusen på dei ulike idrett og friluftsanlegga. Under punkt 2.3.0 "Anlegg som regionen bør ha som målsetting å byggja" er det skrive kort om dei ulike anlegga.

Det er gjort endringar i nokre av overskriftene. Dette gjeld 3.2.0 som vert endra til "Nye anlegg", 3.3.0 som vert endra til "Eksisterande anlegg" og 3.4.0 som vert endra til "Anlegg som regionen i framtida vil sjå seg tent med å få".

Under punkt 3.2.0 har arbeidsgruppa innstilt på at Etne Kultursenter/Stødle tusenårsstad får status som regionalt anlegg.

Anlegget er omtala under punkt 3.2.4.

Kommunane har i rulleringa gjort endringar i høve statusen på dei ulike kulturanlegga.

Framlegg til vedtak:

Styret i Samarbeidsrådet vedtek framlegg til rullert prioriteringsliste for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland.

Prioriteringsliste for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland skal reviderast innan 01.01.05.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styremøte
6. desember 2002 kl. 09.00
Hotel Norge, Bergen

Sak 65/02
GJG

TRANSPORTBEHOV FOR SJØMAT - rapport

Styret vil på møte få ei orientering om rapporten ”Transportbehov for sjømat” som er utarbeidd av Stiftelsen for næringslivsforskning, SNF, på vegne av Hordaland fylkeskommune. Samarbeidsrådet har løyvd kr. 25.000,- til utarbeiding av rapporten.

Styret bør drøfta ei eventuell vidareføring av prosjektet.

Saka vert lagt fram til drøfting.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styremøte
6. desember 2002 kl. 09.00
Hotel Norge, Bergen

Sak 66/02
GJG

ALTERNATIVE FINANSIERINGSFORMER FOR VEGUTBYGGING I SUNNHORDLAND

Styret i Samarbeidsrådet har i tidlegare møte vedteke å sjå på ulike finansieringsordningar for vegutbygging i Sunnhordland.

Det skal utgreiast følgjande:

- Forlenging av bompengerperioden i Trekantsambandet
- Bompengar
- Bensinavgift
- OPS
- Andre finansieringsmodellar

Før styremøte 11. oktober tok administrasjonen kontakt med eit konsulentselskap for å få eit kostnadsoverslag på kva ei slik utgreiing vil kosta. Dette vart det orientert om på møte.

På styremøte vart det vedteke at administrasjonen skal leggja fram ei sak til styremøte 6. desember, om korleis Samarbeidsrådet kan gjennomføra og finansiera ei undersøking og vurdering av alternative finansieringsordningar for vegutbygging i Sunnhordland.

Administrasjonen vart og beden om å retta ein førespurnad til Sunnhordland Bru og Tunnelselskap om dei kan nytta sitt kompetansenettverk til å få utgreia alternativ finansiering for vegutbygging i Sunnhordland.

Administrasjonen har retta ein førespurnad til Sunnhordland Bru og Tunnelselskap, som behandla førespurnaden i styremøte 21. oktober 2002.

I svarbrev seier dagleg leiar Øyvind Halleraker blant anna at saka reiser ein del prinsipielle spørsmål knytt til naturlege arbeidsoppgåver for Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap. Dette sett i lys av selskapet sitt ansvarsområde knytt til avtalen som er inngått med staten om finansiering av Trekantsambandet.

Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap vil vurdere ulike former for organisering for å kunna påta seg etterspurde kompetanseoppgåver for regionen.

Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap gjer i brevet greie for dei ulike finansieringsordningane som vert nytta i dag.

Sunnhordland bru og Tunnelselskap meiner at ein i første omgang må få ein oversikt over dei vegstrekningar/prosjekt som kan vera aktuelle i ein ”Ytre Sunnhordland vegpakke” – kostnader og mogleg trafikk generert til/frå Trekantsambandet som grunnlag for bompengeneinnkreving på Føyno – og eller lokal ubemanna innkreving på fleire stader.

Basert på ein vurdering av kostnad/bompengeneinntekter kan ein sjå nærare på mogelege finansieringsløyningar, og evt. kva prioriteringar som må gjerast for å få aksept for ein ”Ytre Sunnhordland vegpakke”:

Vidare kan selskapet påta seg i samarbeid med Samarbeidsrådet å arrangera ein konferanse kor aktuelle prosjekt til omtalte vegpakke kan løftast fram og vurderast.

Deretter bør Samarbeidsrådet engasjera eit konsulentfirma til å etablera ein samla vegutgreiing.

Brevet frå Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap ligg som vedlegg.

Vurdering

Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap (SBT) har i svarbrevet gjeve ein grei oversikt over dei ulike formene for alternative finansieringsformer som er nytta her til lands. SBT har og sagt litt om kva formelle reglar og føresetnader som gjeld for ulike finansieringsformer.

Gjennom arbeidet med Plan for Sekundærvegnettet har regionen fått ei samla oversikt over kva vegprosjekt som treng utbetring/utbygging. Det er og prioritert eit regionalt og eit lokalt anlegg i kvar kommune.

Dette inneber at dersom ein føl den skissa som Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap skisserer er ein stor del av grunnarbeidet gjort. Dette inneber at kostnaden for eit eventuelt konsulentarbeid vil verta reduserte.

Det er viktig å framheva at dette prosjektet ikkje berre skal omhandla mogleg finansiering i og rundt Trekantsambandet, men skal gjelda for prosjekt i alle kommunane i regionen. Dette gjer at fleire av dei skisserte finansieringsløyningane kan vera aktuelle. Hovudarbeidet for eit konsulentselskap vil vera å vurdere kva former for finansieringsløyningar som kan nyttast i Sunnhordland og kva inntekspotensiale som ligg i dette.

Etter ein gjennomgang av arbeidet som står att vil ein nå langt med ei kostnadsramme på kroner 40 000. Dette er midlar som kan takast frå tiltakspotten for 2003.

Framlegg til vedtak:

1. Styret går inn for at arbeidet i Plan for sekundærvegnettet vert nytta som grunnlag for vidare arbeid med finansieringsløyningar for vegutbygging i Sunnhordland
2. Det vert kjøpt tenester hjå eit konsulentselskap for arbeidet som står att. Kostnadsramma vert sett til kr. 40 000. Midlane skal takast frå tiltakspotten for 2003.
3. Arbeidsgruppa for Plan for sekundærvegnettet vert arbeidsgruppa i prosjektet, arbeidsutvalet vert styringsgruppe.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styremøte
6. desember 2002 kl. 09.00
Hotel Norge, Bergen

Sak 67/02
GJG

OMORGANISERING AV SAMARBEIDSRÅDET TIL INTERKOMMUNALT SELSKAP

Styret i Samarbeidsrådet har tidlegare vedteke at Samarbeidsrådet skal omorganiserast til eit interkommunalt selskap frå 01.01.03.

Utkast til selskapsavtale for Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS har vore til høyring i kommunane, med høyringsfrist 1. november. Kommunane fekk og tilsendt saka om gjennomgang av struktur og aktivitetsnivået i Samarbeidsrådet.

I samband med selskapsavtalen vart kommunane og beden om å vurdere om det skal inn eit ekstra punkt 6 under § 2 Føremålet med selskapet.....: Arbeida for kommunane sine rammevilkår.

Følgjande kommentarar er komen til høyringa:

Stord formannskap :

Stord kommune sluttar seg til utkastet til ny selskapsavtale for Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Kvinnherad formannskap :

1. Kvinnherad kommune rår som medeigar til at utkast til ny selskapsavtale for Samarbeidsrådet IKS (SRS IKS) blir godkjent slik den ligg føre.
2. Kvinnherad kommune rår til at namnet Samarbeidsrådet for Sunnhordland vert endra til Sunnhordlandsrådet.

Austevoll kommunestyre:

Austevoll kommunestyre sluttar seg til framlegg til selskapsavtale for Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS, men meiner at det må koma med eit nytt punkt om at Samarbeidsrådet skal arbeida for kommunane sine rammevilkår.

Tysnes formannskap:

Formannskapet meiner at det må arbeidast inn i § 2 i selskapsavtalen at Samarbeidsrådet for Sunnhordland skal arbeida for kommunane sine rammevilkår.

Formannskapet går elles inn for ny selskapsavtale for Samarbeidsrådet slik han ligg føre i skriv 28.08.02.

Bømlo formannskap:

1. Bømlo kommune har ingen vesentlege merknader til det reelle innhaldet i utkast til selskapsavtale. Kommunen kan og akseptera arbeidsutvalet sitt framlegg til endringar i § 2, men med dei klåre presiseringar som ligg i rådmannen si saksutgreiing.
2. Kommunen ber om at det som står i § 6 om val av styre vert kvalitetssikra ut i frå det som står i §10 i lova. I tillegg bør det drøftast om selskapsavtalen bør ha ein eigen paragraf om dagleg leiar.

Frå rådmannen i Bømlo si saksutgreiing:

Når det gjeld arbeidsutvalet sitt framlegg til ny ordlyd i § 2 leden pkt.2 så er dette også i og for seg greitt, men med følgjande heilt klåre presiseringar:

Samarbeidsrådet må ikkje få karakter av ein overkommune i spørsmål som gjeld regional utvikling, næringsutvikling og kommunal infrastruktur. Særskilt gjeld dette tilskots- og låneordningar som kommunane kan søkja om, her må kommunane kunna søkja og fritt disponera midlar som vert tildelt kommunen ”

§ 10 i selskapslova:

Styremedlemmer velges av representantskapet med de unntak som er nemnt i denne paragrafen. Representantskapen kan når som helst fjerne et styremedlem som de selv har valgt.

Representantskapet velger styrets leder og nestleder med mindre det er fastsatt i selskapsavtalen at valget foretas av styret selv.

Dei unntak som er omtala i denne paragrafen gjeld tilsette sin rett til representasjon i styret.

Sveio kommunestyre:

Sveio kommunestyre godkjenner selskapsavtale for Samarbeidsrådet IKS (SRS IKS) slik den ligg føre i prenta vedlegg.

Fitjar kommunestyre:

1. Fitjar kommunestyre har ingen merknader til framlegg til ”Selskapsavtale for Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS (SRS IKS) slik det går fram av vedlegg til brev av 28.8.02 frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland.
2. Fitjar kommunestyre ser positivt på at det i § 2 i selskapsavtalen vert teke inn eit nytt punkt som seier at Samarbeidsrådet skal arbeida for kommunane sine rammevilkår.

Etne og Ølen kommunar har ikkje gjeve uttale til høyringa.

Vurdering:

Kommunane har slutta seg til utkast til selskapsavtale for Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS.

Fire av kommunane ber om at det vert lagt inn eit ekstra punkt under §2: Arbeida for kommunane sine rammevilkår.

Bømlo kommune har i tillegg bede om ei kvalitetssikring om at det som står i §6 er i høve til det som står i § 10 i lova.

I tillegg ber Kvinnherad kommune om at Samarbeidsrådet for Sunnhordland skiftar namn til Sunnhordlandsrådet IKS.

Bømlo kommune har og gjort ein del små justeringar i utforminga og redigeringar i høve til utkastet. Dette gjeld blant anna rekkefølge i innhaldet i avtalen og at avtalen bør ha ein paragraf om dagleg leiar sine rettar og plikter. Desse justeringane har administrasjonen lagt til grunn for utkastet som vert lagt fram for styret.

Ut i frå ovanemde kan ikkje administrasjonen sjå at høyringa har ført til vesentlege endringar i framlegg til avtale.

Styret må likevel ta stilling til om selskapsavtalen skal tilbake til kommunane for endeleg godkjenning, eller om endringane er så små at det ikkje er naudsynt.

Styret må og ta ei drøfting på framlegg til namneendring frå Kvinnherad kommune.

Utkast til selskapsavtale ligg som vedlegg.

Framlegg til vedtak:

1. Styret godkjenner framlegg til selskapsavtale slik den ligg føre med følgjande endringar:
Under § 2 skal det koma eit nytt punkt, punkt 6, Arbeida for kommunane sine rammevilkår.
2. Styret vedtek at namnet på organisasjonen skal vera Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styremøte

6. desember 2002 kl. 09.00

Hotel Norge, Bergen

Sak 68/02

GJG

SUNNHORDLANDSMARKERING I BERGEN

Samarbeidsrådet for Sunnhordland i samarbeid med stiftinga Kystsogevekene arrangerte 9. august 2000 ei Sunnhordlandsmarkering i Grieghallen i Bergen med festframsyninga "Frå hav til bre". 170 aktørar frå regionen var med, og ca 930 tilskodarar såg framsyninga.

I tillegg til festframsyninga var det mottaking og utstilling i foajeen. Arrangementet gav eit underskot på kr. 38.000,-, som vart delt mellom Kystsogevekene og Samarbeidsrådet.

I 2001 hadde Regionrådet for Nordhordland og Gulen si markering, med 1300 besøkande og økonomien i balanse. I tillegg til festframsyninga var det ulik underhaldning rundt omkring i Bergen.

I 2002 var det regionen Midthordland som hadde markering med festframsyning og aktiviteter på Torgallmenningen.

Stiftinga Kystsogevekene v/ Ragnhild Randal har no teke kontakt med Samarbeidsrådet med førespurnad om kommunane i Sunnhordland vil gjennomføra eit nytt arrangement i Grieghallen og på Torgallmenningen i Bergen. Datoen er sett til laurdag 6. september 2003.

Ragnhild Randal gav ei orientering på møte i arbeidsutvalet 15.11. og sa blant anna at det er stor vilje blant lokale aktørar til å delta på arrangementet og at Kystsogevekene kan ta på seg heile arbeidet, slik dei gjorde for Midthordland, mot ein kostnad på ca. 55.000. Det er opp til Samarbeidsrådet/kommunane om det heller er ønskeleg å halda sekretariat.

Vurdering:

Festframsyninga "Hav til bre" var ein suksess, og vart eit felles løft for Sunnhordland. At så mange var involvert var og svært positivt. Mindre bra var det at arrangementet gjekk med underskot. I ettertid kan ein sjå at mykje kunne vore gjort annleis, og billigare. Det at det kom mindre folk enn forventa kan blant anna skuldast at ein kom for seint i gong med marknadsføringa og at Bergen var kulturby i 2000, noko som gjorde at bergensarane hadde eit mangfald av kulturtilbod.

Framlegget til Kystsogevekene for markeringa i år er aktivitetar på Torgallmenningen i tillegg til festframsyning i Grieghallen.

Ragnhild Randal har laga eit forslag til budsjett for markeringa med ein totalkostnad på kr. 360.000,-.
Budsjett:

Kostnader

| | |
|------------------------------------|----------------------|
| Leige Grieghallen / scene Torget | kr. 120 000,- |
| Tonoavgift | kr. 10 000,- |
| Honorar prof. | kr. 30 000,- |
| Program /innbydelsar | kr. 15 000,- |
| Annonsering | kr. 30 000,- |
| Mottaking /mat aktørar Grieghallen | kr. 60 000,- |
| Utstilling | kr. 10 000,- |
| Diverse | kr. 5 000,- |
| Regi / administrasjonskostnader | <u>kr. 80 000,-</u> |
| | |
| Totale kostnader | <u>kr. 360 000,-</u> |

Finansiering

| | |
|--------------------------|---------------------|
| Billettinntekter | kr. 110 000,- |
| Sponsorar | kr. 140 000,- |
| Samarbeidsrådet for Shl. | kr. 55 000,- |
| Kystsogevekene | <u>kr. 55 000,-</u> |
| | <u>k. 360 000,-</u> |

Administrasjonen i Samarbeidsrådet har drøfta om det er kapasitet i organisasjonen til å vera sekretariat for eit slikt arrangement. Omfanget av arbeidet er rekna til tre månadsverk (jmf. arrangementet til Midthordland). Av erfaring veit ein at det vert mykje arbeid i tida rett før. Dette tidspunktet vert rett etter ferien og då er det vanlegvis svært hektisk ved kontoret.

Administrasjonen er difor skeptisk til å ta på seg eit så stort arbeid utan å få tilført ekstra personalressursar. Samarbeidsrådet har heller ikkje økonomi til å kjøpa desse tenestene som er kostnadsrekna til ca. 55.000,-.

Det må difor tenkjast andre moglege finansieringskjelder. Ei av desse kan vera sponsorinntekter, eller at kommunane i Sunnhordland deler på utgiftene. Ei anna løysing kan vera at ein av kommunane vert sekretariat.

Framlegg til vedtak:

1. Styret i Samarbeidsrådet ser positivt på at kommunane i Sunnhordland arrangerer ei Sunnhordlandsmarkering i Bergen.
2. Finansiering av eit sekretariat må vera på plass før oppstart.
3. Stiftelsen Kystsogevekene må dekkja eit eventuelt underskot.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styremøte

6. desember 2002 kl. 09.00

Hotel Norge, Bergen

Sak 69/02

GJG/ Jakob Gullberg

MUSEUMSPLAN FOR HORDALAND

Bakgrunn

Administrasjonen si saksutgreiing er todelt: først eit samandrag av innhaldet i framlegget til museumsplan og deretter eit framlegg til uttale frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Samandraget er ikkje fullstendig, men legg hovudvekta på dei delane av planframlegget som har størst interesse for Sunnhordland.

Frå Hordaland fylkeskommune har Samarbeidsrådet for Sunnhordland fått til høyring Museumsplan for Hordaland. Høyringsfristen er sett til 15. desember. Planframlegget er utarbeidd av ei intern arbeidsgruppe oppnemnd av fylkeskultursjefen og leia av fylkeskonservator. Arbeidet har blitt utført i løpet av dei to siste åra med bakgrunn i statlege, fylkeskommunale og kommunale dokument, t.d. NOU 1996:7 Om museum og St.m. 22 (1999 – 2000) Om arkiv, bibliotek og museum. Planprosessen har fylgt regelverket for fylkesplanar i plan – og bygningslova. Planen har vore drøfta i fylkeskommunen sin komite for kultur og helse 02.10.02 og i fylkesutvalet 10.10.02.

Planframlegget er delt inn i sju kapittel. Kapittel 1 er innleiinga. Kapittel 2 handlar mellom anna om statusen for museumsfeltet i Hordaland, om tilskotsordninga og om visjon og mål for ein ny museumspolitik.

Museumslandskapet i Hordaland tel innpå 100 ulike museum og samlingar med stor variasjon, frå små, ubemanna samlingar til store institusjonar med mange tilsette, som driv forskning på høgt nivå. Musea og samlingane spelar ei viktig rolle i lokalmiljøa ved at dei kastar lys over tidlegare tidars liv og levekår.

Berre eit fåtal av musea hadde fast tilsette fram til 1975, då den offentlege tilskotsordninga for museum vart etablert. I 1970- og 80-åra la fylkeskommunen ned ein stor innsats for å få sikra dei etablerte musea økonomisk, med staten som generøs medspelar. Fram til 1983 vart det ikkje sett tak på dei statlege løyvingane – desse følgde i staden dei budsjetttrammene som fylkeskommunane fastsette. Etter 1983 har berre fire nye museum komme med på tilskotsordninga i Hordaland. Det er i hovudsak fylkeskommunen, men og nokre av kommunane som har stått for auken i driftstilskotet på 1990-talet.

Frå 1995 fall den formelle bindinga mellom statleg og fylkeskommunalt museumstilskot bort, slik at storleiken på tilskotet frå dei to partane ikkje er avhengige av kvarandre. Fylkeskommunen forvaltar statstilskotet på vegne av Kulturdepartementet, og har slik kunna følgja prioriteringane i egne museumsplanar. Dei musea som "veg tyngst" innanfor ordninga i Hordaland er dei regionale musea, teknisk/industrielle museum og tematiske museum. Det offentlege tilskotet er avgjerande for museumsdrifta. Hordaland er på landstoppen når det gjeld den fylkeskommunale delen av eit samla

driftstilskot på om lag 40 millionar, og frå fylkeskommunen si side er dette resultatet av eit medvite ønskje om å oppretthalde og gradvis betra tilhøva for musea.

I planen vert det gjort framlegg om å oppretta sju konsoliderte museumseiningar. Vidare vert det argumentert for å etablera eit nettverk av kunnskapsinstitusjonar med særskilt ansvar for å vidareføra handlingsboren kunnskap. Dei konsoliderte musea vil omfatta nær 150 faste stillingar. Driftsbudsjettet for 2002 syner førebels ein sum på om lag 40 mill kroner inkludert eit statstilskot på om lag 16, 5 mill og kommunale refusjonar på 4, 8 mill. Bergen er naturleg nok den største museums kommunen i Hordaland og yter rundt 21,5 mill kroner til dei musea som er omfatta av denne planen. Bergensmusea dokumenterer og formidlar sentrale deler av Bergens historie. Odda og Kvinnherad yter monalege tilskot til sine største museum, og hardangerherada gjev tilskot til Hardanger folkemuseum for å få eit musealt tilbod attende. Dette gjeld og for dei kommunane som soknar til Sunnhordland folkemuseum. Kvam, Øygarden og Askøy har oppretta eigne stillingar som museumsstyrarar for sine museum. Til saman vitnar dette om eit svært sterkt museumsfylke, der fylkespolitikarane, men og kommunepolitikarane har vist stor vilje til å satsa på musea som kunnskaps- og kulturinstitusjonar.

Dei fire neste kapitla (kap 3 – 6) tek for seg dei fire hovudemna som planen er delt inn i. Desse er formulerte som delmål og er baserte på dei nasjonale måla staten har formulert for museumsvesenet gjennom museumsutgreiinga (NOU 1996:7) og ABM-meldinga (St.meld. 22 1999-2000). Planen formulerer ein slik visjon for ein ny museumspolitik:

Musea skal vera aktive medspelarar i samfunnsutviklinga.

Den overordna målsetjinga er formulert slik:

Musea skal formidla kunnskap om menneska i Hordaland sine liv og verksemd og medverka til refleksjon om fortid, samtid og framtid.

Alle regionane skal ha eit museumstilbod av høg fagleg kvalitet, og til saman skal musea, biblioteka og arkiva stå for eit omriss av fylket si kulturhistorie. Dei siste 150 åra er sterkt prega av endring, og i dagens samfunn skjer endringsprosessane raskare enn nokon gong. Tilgang til informasjon skal gjera det mogleg for publikum å delta i utviklinga på heilt andre måtar enn tidlegare.

På bakgrunn av visjon og overordna mål, formulerer planen så følgjande delmål for ny museumspolitik i Hordaland:

- Mål 1: Styrkja musea ved å etablera ny struktur
- Mål 2: styrkja musea si rolle som samfunnsaktør
- Mål 3: Styrkja musea si rolle som samfunnsminne
- Mål 4: Styrkja musea si rolle som møtestad

Mål 1: Ny museumsstruktur.

Strategi 1: Etablera ein ny struktur med *sju konsoliderte museum*. Målet med ein slik struktur er å få til fagleg sterke museumseiningar som skal gje eit utvida museumstilbod til alle regionane. Hordaland har i dag 24 museumstiltak som får fylkeskommunalt og statleg driftstilskot. Mange av desse er små og lite slagkraftige. Skal musea kunna gje eit godt tilbod til alle grupper, må dei styrkjast fagleg og økonomisk og få ein storleik som gjer dei mindre sårbare.

Kvart av dei konsoliderte musea skal ha **eitt** driftsbudsjett og **eitt** styre som skal ha ansvaret for heile verksemda og arbeidsgjevaransvaret for alle dei tilsette. Konsolideringa i Hordaland vil skje ved at fleire museum går saman til ei driftseining under ein ny organisatorisk konstruksjon.

Det konsoliderte museet vil ha det økonomiske ansvaret, og tilskotet frå museumsreforma vil kunna bli overført direkte. Vertskommunane for heile eller delar av det konsoliderte museet bør og ha eit økonomisk ansvar.

Planen gjer framlegg om desse konsoliderte museumseiningane:

- Museumssenteret i Salhus/Nordhordland regionmuseum –administrasjon i Salhus
- Regionmuseet for indre Midthordland – administrasjon ved Hordamuseet
- Hordaland kystmuseum – administrasjon ved Bergens sjøfartsmuseum
- Bergen bymuseum –administrasjon ved Bryggens museum
- Hardanger regionmuseum –administrasjon ved Hardanger folkemuseum
- Sunnhordland regionmuseum – administrasjon ved Sunnhordland folkemuseum
- Bergen kunstmuseum/Hordaland kunstmuseum – administrasjon ved Bergen kunstmuseum

Planframlegget rår til at regionmuseet for Sunnhordland vert etablert med grunnlag i dei to tilskotsmusea Baroniet Rosendal og Sunnhordland folkemuseum. Det geografiske området vert avgrensa til kommunane Tysnes, Stord, Fitjar, Bømlo, Sveio, Etne og Kvinnherad.

Sunnhordland folkemuseum eig Jens Tvedt-huset, Gjerdetunet, Nistovetunet og Halsnøy kloster i Kvinnherad, Nerheimstunet i Ølen og Sæbøtunet i Etne. I dag har ikkje museet tilstrekkelege ressursar til å forvalta godt nok tun og samlingar i regionen, og treng difor å styrkjast på dette området. Hordaland fylkeskommune har gjennom tilførte midlar gitt noverande Sunnhordland folkemuseum ansvar for antikvarisk rådgjeving for kommunar og eigarar av verneverdige hus. Museet har hausta gode røynsler med dette ansvaret, og tilbodet er mykje brukt i distriktet. Med etableringa av eit konsolidert regionmuseum vert denne ordninga permanent, slik at regionen vert styrkt også når det gjeld bygningsvern.

Med bakgrunn i eit tradisjonelt folkemuseum vil museet møte nye utfordringar i samband med at mekanisk industrihistorie vert eit arbeidsfelt. På dette feltet har Sunnhordland vore sentral med mange mekaniske verkstader. Banda frå Wickman på Rubbestadneset gjennom Sunnhordland Mekaniske verkstad til Aker Kværner på Stord er nære. Andre nye utfordringar er moderne skipsbygging og overgangen til bygging av offshore - installasjonar, gruvedrift med utgangspunkt i eige gruvemuseum på Litlabø og anna gruvedrift i distriktet, t.d. kalksteinsindustrien i kommunane Bømlo, Stord og Tysnes. Desse har regional og nasjonal verdi, m.a. med tradisjonar attende i klostertida.

Hordaland fylkeskommune ser ei konsolidering mellom Sunnhordland folkemuseum og Baroniet Rosendal som ei sterk kulturpolitisk styrking av regionen ved at den kompetansen som t.d. Baroniet har bygd opp i høve til formidling og restaurering av steinbygningar og landskap kan spreia til heile regionen. Baroniet ivrar ikkje for ei samanslåing med andre museum og meiner dette kan vera uheldig for det økonomiske grunnlaget for dagens verksemd. Hordaland fylkeskommune er merksam på denne problemstillinga, men ser likevel føremonar med eit fagleg samarbeid i regionen.

Også for dei andre måla i planen vert det lista opp strategiar og tiltak.

Det siste kapitlet (kap. 7) handlar om gjennomføring av planen.

Dei sju konsoliderte museumseiningane skal ha som prioritert oppgåve å dekkja dei kulturhistoriske feltene som er framheva i planen og innarbeida dette i nye vedtekter. Frå i år har to institusjonar fått midlar frå museumsreforma, og ABM – Utvikling har bede fylkeskommunen om ei tilråding til budsjetthandsaminga for 2003. I samband med dette vedtok fylkesutvalet i sak 135/02 ei prioriteringsliste for tilskot frå museumsreforma i 2003 med Sunnhordland folkemuseum på andre plass og med føremål å få i gang prosessen med å etablere eit konsolidert "Sunnhordland regionmuseum."

Alle kommunane som vert vertskommune for heile eller deler av eit konsolidert museum, må yta driftstilskot til institusjonen. Tilskotet bør stå i forhold til storleiken på den delen av museet kommunen er vert for, men kan ikkje øyremerkjast – tilskotet skal gå til den konsoliderte institusjonen.

Framlegg til uttale :

Styret i Samarbeidsrådet vil gje ros til arbeidet med museumsplanen. For første gong er det utarbeidd ein plan som synest å kunna samla alle museumstiltaka i fylket til eit avgrensa tal einingar som er så store at dei kan få fagleg tyngde innan sine fagfelt og i sine regionar. Ekstra positivt er det at med den strukturen som det vert gjort framlegg om, kan dette gjerast utan at det går ut over dei enkelte eksisterande institusjonane sin identitet og eigenart. Det bør difor vera realistisk å kunna gjennomføra planen.

I tillegg til å leggja opp til ein struktur som kan styrkja musea, kjem planen også med krav til musea om at dei må verta aktive aktørar i samfunnet og i samtida. Primæroppgåva må sjølvstendig framleis vera å samla inn og ta vare på samlingane for slik å ta vare på kunnskapen frå fortida. Men musea sin funksjon i samtida er viktig, ikkje minst fordi musea gjennom samlingane sine og bygningsmassen kan vera sentrum for kunnskapsformidling og kulturelle og sosiale treffstader.

Naturleg nok er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland sterkt opptatt av korleis museumstilbodet vil verta i den sørlege delen av fylket. Sunnhordlandskommunane har eit samla folketal på over 50 000, og er utanom Bergen med omland den folkerikaste delen av fylket, og også den delen der reisetida til Bergen er lengst. I dette distriktet har Sunnhordland folkemuseum og Baroniet i Rosendal vore dei einaste musea med offentlege tilskot. Folkemuseet har hatt ansvaret for ein stor bygningsmasse spreidd i fleire kommunar. Berre å halda vedlike ein slik bygningsmasse har, med museet sine ressursar, vore ei nærast uoverkommeleg oppgåve.

Det er difor gledeleg at eit Sunnhordland regionmuseum i framlegget ligg langt framme på prioriteringslista. Det må ei vesentleg styrking til for at museet skal kunna utvikla tilfredsstillande tilbod til innbyggjarane i Sunnhordland. At det er lagt inn i planen at museet i framtida i særleg grad skal ha ansvar for mekanisk industrihistorie, skipsbygging og gruvedrift ser kommunen på som positivt og naturleg. Dette er område som har hatt ei sentral rolle i utviklinga av samfunna i Sunnhordland.

Styret i Samarbeidsrådet ser det ikkje som avgjerande om Baroniet i Rosendal vert med i det konsoliderte museet eller ikkje. Sunnhordland folkemuseum har eit så breitt fundament i Sunnhordlandsbygdene og ein så desentralisert struktur, at grunnlaget for eit konsolidert museum er godt nok også utan Baroniet. På den andre sida er også Baroniet og Rosendal ein del av Sunnhordland. Soga til Baroniet er ein del av soga til Sunnhordland. Styret i Samarbeidsrådet er samd med synspunktet i planen om at ei konsolidering mellom dei to musea vil vera ei sterk kulturpolitisk styrking av regionen ved at den kompetansen som Baroniet har, kan spreiest til heile regionen. Det må likevel vera opp til styret i Baroniet å avgjera dette.

Styret i Samarbeidsrådet støttar tanken om at det vert oppretta nye stillingar som administrerande direktørar ved kvar av dei konsolidert einingane. Rett nok kan dette synast som ekstra byråkratisering, og ein kan ottast at for mykje av tilførte ekstra midlar går til administrasjon. På den andre sida vil ei slik ordning innebera at styrarane ved dei einskilde musea i større grad kan konsentrera seg om det faglege arbeidet, samstundes som det også vert meir ressursar til arbeidet med å utvikla musea vidare og gjera dei meir medvitne om oppgåvene sine i samfunnet.

Styret i Samarbeidsrådet gjev full tilslutning til hovudtankane i framlegget til museumsplan og ser fram til at arbeidet med å gjennomføra ideane og tiltaka i planen kan komma i gang.

Framlegg til vedtak:

1. Styret godkjenner framlegg til uttale til Museumsplanen.
2. Styret vil påpeika at det må vera opp til styret i Baroniet å avgjera om Baroniet skal vera ein del av eit konsolidert Sunnhordland regionmuseum.

MØTEOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styremøte

6. desember 2002 kl. 09.00

Hotel Norge, Bergen

Sak 70/02

GJG

PLAN FOR SEKUNDÆRVEGNETTET I SUNNHORDLAND

Styret i Samarbeidsrådet vedtok i møte 21. juni 2002 å starta opp arbeidet med ein regional plan med ei prioriteringsliste for utbetring av sekundærvegnettet i Sunnhordland.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå kvar kommune her vore arbeidsgruppe for utarbeiding av planen. Arbeidsutvalet har vore styringsgruppe. Dagleg leiar i Samarbeidsrådet har vore prosjektleiar.

Arbeidsutvalet gav i møte 23. august arbeidsgruppa frist til styremøte 6. desember med å leggja fram eit utkast til plan for sekundærvegnettet.

Planen gjev eit samla oversyn kva deler av sekundærvegnettet som treng utbetring/utbygging i Sunnhordland.

Det er gjort ei prioritering av prosjekta etter ei vurdering av korleis anlegga var i høve til kriteria for planen og effekten av utbetringa. Kvar kommune har deretter gjort prioritering i sine prosjekt, og gjort ei første prioritering på eit regionalt og eit lokalt anlegg. Det er i alt ni regionale og ni lokale anlegg, som utgjer dei prioriterte anlegga i regionen.

Dei prioriterte anlegga har ein stipulert kostnad på ca kr. 683,5 million på regionale, og kr. 330,3 på lokale anlegg. Totalt er det meldt inn 56 prosjekt til ein kostnad på kr. 3140,3 mill.

Vurdering:

Arbeidsgruppa legg med dette fram framlegg til plan for sekundærvegnettet. Styret bør ha ein gjennomgang om det er andre anlegg som bør vera med i planen eller om det er anlegg som bør takast ut av planen. Vidare bør styret gjera ei vurdering av prioriteringslistene og det generelle innhaldet i planen.

Etter at endringane er gjort vil sekretariatet gjera ferdig planen.

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner "Plan for sekundærvegnettet i Sunnhordland".

MØTEOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styremøte
6. desember 2002 kl. 09.00
Hotel Norge, Bergen

Sak 71/02
GJG

FYLKESDELPLAN FOR SUNNHORDLAND

På møte vil Gudrun Mathisen frå Hordaland fylkeskommune leggja fram ei skisse til arbeidet med fylkesdelplan for Sunnhordland.

Deretter vert saka lagt fram til drøfting.

MØTEOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styremøte
6. desember 2002 kl. 09.00
Hotel Norge, Bergen

Sak 72/02
GJG

NÆRINGSPOLITISK PLAN FOR SUNNHORDLAND

Administrasjonen vel å utsetje saka til styremøte 7. februar 2003.

MØTEBOK

Styremøte

Samarbeidsrådet for Sunnhordland
6. desember 2002 kl. 09.00
Hotel Norge, Bergen

Sak 73/02
GJG/rr

MØTEPLAN 2003

Administrasjonen har laga følgjande forslag til møteplan for 2003:

1. HALVÅR

| Tid: | Stad: | Møte: |
|-------------|------------------------------|----------------------------------|
| 24. januar | Samarbeidsrådet sitt møterom | Arbeidsutvalsmøte |
| 07. februar | Quality Stord Hotel | Styremøte |
| 07. mars | Samarbeidsrådet sitt møterom | Arbeidsutvalsmøte |
| 28. mars | | Rådsmøte |
| 28. april | Samarbeidsrådet sitt møterom | Arbeidsutvalsmøte |
| 9. mai | Samarbeidsrådet sitt møterom | Styremøte |
| 6. juni | Samarbeidsrådet sitt møterom | Arbeidsutvalsmøte |
| 19. juni | | Fellesmøte med Haugalandrådet |
| 20. juni | | Styremøte |

2. HALVÅR

| | | |
|--------------|------------------------------|-------------------|
| 22. august | Samarbeidsrådet sitt møterom | Arbeidsutvalsmøte |
| 5. september | Quality Stord Hotel | Styremøte |
| 3. oktober | Samarbeidsrådet sitt møterom | Arbeidsutvalsmøte |
| 24. oktober | Quality Stord Hotel | Styremøte |
| 14. november | Samarbeidsrådet sitt møterom | Arbeidsutvalsmøte |

4. og 5. desember

Styremøte

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner møteplan for 2003.